

Ved fredsjubileet

Forsoning med kven?

Av Hallvard Hegna, Tinn

Thorleif Øisangs kronikk førde som venta til reaksjonar og fleire innlegg. Og her kom han att 24.3. med ei ny oppmoding om forsoning. TV-programmet Holmgang i TV2 28.3. syntre frontane, og spørsmålet melder seg: Kva krev dei to partane av kvarandre for at det kan vera tale om forsoning?

Vi som var på «den rette sida», kjenner det sterkt at det går ei klår grense for kor langt vi kan strekkje oss. Personleg kjenner eg likevel trong til å koma den tapande part i møte. For såra frå krigen har ført til mykje vondt.

Vi står no framfor 50-årsfeiringa av ein glederus som overgår alt i mitt liv; eg var 17 år i 1945. Då slår det meg at folk som eg kjenner, slett ikkje har noko gledeleg å sjå attende på. Fri- gjøringsjubileet vil tvert imot minne dei om ei skam som dei har levd med i 50 år, fordi det ikkje har vore mogeleg for dei å gjera seg fri frå dette som har hefta ved dei.

Kven var dei norske nazistane? Eg trur at dei aller fleste av dei ikkje var det vi forbind med nazisme, trass i at dei gjekk inn i eit parti som bygde på førarprinsippet. Slik eg kjenner dei frå det norske bygdesamfunnet, var dei vanlege, anständige menneske. Men dei hamna no på den galne sida av grunnar som vi må vera viljuge til å ha forståing for, og som hadde rot i dei politiske motsetnadene i 30-åra og føreåt. Vi skal ikkje gløyme at det var ganske stor forståing for Hitler og hans Tyskland i mellomkrigstida. Dette kan ein få dokumentert ved å lesa avisene frå dei åra: Den ytre fienden var i aust, og den indre fienden var arbeidarrørsla. Var det då så underleg at nokon kom til å velje Hitler og Quisling i den aktuelle situasjon?

Men nokre av «dei norske nazistane» ser den dag i dag på Hitler som både «stort menneske og stor statsmann», og dei meiner at «alt hadde blitt så mykje betre om Tyskland hadde vunne krigen». Dette trass i den tyske nazi-statens ugjerningar, som dei meiner er

sterkt overdrivne. Her er vi då ved ei grense; her står vi andsynes dei som vel må karakteriserast som dei ekte nazistane.

Det burde ikkje vera så vanskeleg for oss som vann, å sjå annleis på mangt i ettertid. Eg tenkjer t.d. på straffeutmålinga og handsaminga av «tyskerjente-ne». At mange tidlegare NS-folk, NS-barn og tyskerbarn er gjevne kjensla av å vera uglesedde og utstøyte heilt til denne dag, må vi vera viljuge til å beklage. Men eitt må vera klinkande klårt: Om den nazistiske ideologien kan det ikkje vera delte meininger. Ei forsoning som etterlet tvil på dette punkt, kan ikkje vera aktuell. Dei som, utifrå sine nazistiske æresomgrep, heint fram gjev uttrykk for at dei er stolte av å stå fast i gammal ideologisk tru, kan vi berre beklage. Derimot bør vi kunne rekke ut handa til det store fleirtalet av tidlegare NS-folk, som, trass i at dei kanskje synest dei (også frontkjemparar) ikkje gjorde så mykje gale under krigen, likevel innser at dei valde feil side i den verdshistoriske kampen.

At krigen var ein kamp mot ein djevelsk ideologi, må ikkje gløymast, og det er grunn til å åtvare mot ei historieskriving som, under dekke av objektivitet, ynskjer å viske ut skilje som syner kva kampen galdt. Øisangs kronikk kunne dessverre etterlate eit slikt inntrykk.